



RADØY KOMMUNE

NOTAT

Går til: Rådmannsgruppen
Dato skrevet: 28.02.2014
Saks/nr.
Saksbehandler: Johan Fredrik Bøschens Sandal
Vedrørende: **Meldingssak - Folkehelse**

Bakgrunn

Folkehelse er for alvor blitt eit satsingsområde. Gjennom lov og forskrift er kommunen pålagt å arbeida meir systematisk og målretta innan alle område for å betra folkehelsa. Det er eit mål å styrka den enkelte si meistring av eige liv, redusera liding og sosiale helseforskjellar i befolkninga, samt å redusere presset på helsetenestene.

For å nå dette målet må kommunane styrka og koordinera innsatsen for eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid i den enkelte kommune og i regionen. Som eit ledd i måloppnåinga bør ein vurdera organisering og implementering av ei felles folkehelsesatsing på tvers av kommunegrensene. Regionrådet i Nordhordland har behandla sak om felles tilnærming til folkehelse i Nordhordland. Dette rammeverket vil verte eit tillegg til arbeid lokalt i den enkelte kommune. Behov og tilnærming vil verta ulik frå kommune til kommune.

Status for arbeidet

I Radøy har ein valt å ta vekk folkehelsekoordinatorrolla, og i staden tenkja implementering av folkehelse i kvar sektor og i dei vurderingar som blir gjort fortløpende. Det må utarbeidast ein eigen folkehelseplan for Radøy. Første fase i dette arbeidet er å avklare kva ein bør ha oversikt over. Det fins allereie mykje informasjon, men ikkje nødvendigvis nok informasjon på dei område der vi bør ha fokus. Helsedirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for å hjelpe kommunane med korleis tenking rundt folkehelse kan handsamast.

Det er gjort eit arbeid kring datainnsamling av folkehelsekoordinator. Radøy har ei strategi knytt til La Linea som grunnlag for vidare tenking. Grunnlaget for vidare arbeid er godt, men mykje gjenstår.

Kommunalsjefane har ansvar for folkehelse i sin sektor, og rådgjevarane for oppvekst/helse og omsorg får ansvar for intern koordinering heilskapleg perspektiv.

Framdrift/forslag til vedtak

- Melding vert tatt til etterretning.